



Planføresegner for  
DETALJREGULERINGSPLAN FOR  
KYRKJEFLATEN MASSETAK

**Planid. 34340008**

Kunngjering start av planarbeid:	27.06.2023
Plankart revidert	28.11.2024
Planføresegner revidert	24.12.2024
Kommunestyrets vedtak:	XX.XX.20XX

**Felles plankontor for Lom og Skjåk kommune, 24.12.2024.**

## Innhold

1.	INNLEIING	3
2.	REGULERINGSFORMÅL	3
3.	OMSYNSSONER	3
4.	AREALBRUK	4
4.1	GENERELLE FØRESEGNER	4
4.1.1	Kulturminne	4
4.2	BYGNAD OG ANLEGG	4
4.2.1	Råstoffutvinning (R1, R2 og R3)	4
4.3	SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	6
4.3.1	Køyreveg (SKV1 og SKV2)	6
4.3.2	Annan veggrunn – grøntareal (AVG1 – AVG5)	6
4.3.2	Annan veggrunn – tekniske anlegg (AV1 og AV2) <b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>	6
4.4	LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE samt reindrift	6
4.4.1	LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (LNFR1)	6
4.4.2	LNFR i kombinasjon med anna hovudføremål - massedeponi (KLM1)	7
5.	OMSYNSSONER	7
5.1.	Omsynssone - landskap (H550-1)	7

## 1. INNLEIING

*I medhald av plan- og bygningslovas § 12-7 gjeld desse regulerings-føresegnene for de områda som på plankartet er avgrensa med plangrense.*

Planområdet er regulert som detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslovens § 12-3. Det regulerte området er vist med plangrense på kart, datert 28.11.2024, med ein målestokk på 1:1.000 ved utskrift i A2-format.

## 2. REGULERINGSFORMÅL

*I medhald av plan- og bygningslovens § 12-5 er området regulert til følgjande formål:*

### **BYGNAD OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)**

- Råstoffutvinning (sosi 1200)

### **SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, NR. 2)**

- Køyreveg (sosi 2011)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (sosi 2018)
- Annan veggrunn – grøntareal (sosi 2019)

### **LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL § 12-5, NR. 5)**

- LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (sosi 5100)
- LNFR kombinert med anna hovudføresmål – massedeponi (sosi 5900)

## 3. OMSYNSSONER

*I medhald av plan- og bygningslovens § 12-6 er området regulert til følgjande omsynssoner:*

### **OMSYNSSONE**

- Omsyn landskap (sosi 550)

## 4. AREALBRUK

*I medhald av plan- og bygningslovens § 12-7 blir det gjeve følgjande føresegner om bruk av areal, bygningar og anlegg innfor planområdet:*

### 4.1 GENERELLE FØRESEGNER

Planen regulerer område for råstoffutvinning (uttak, behandling og lagring av masser) med tilgrensande areal.

#### 4.1.1 Kulturminne

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området. Dersom det i forbindelse med tiltak i marka oppdagast automatisk freda kulturminne som tidelegare ikkje er kjent, gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stanses i den grad det råker kulturminna eller deira sikringszone på 5 meter. Melding om funn skal straks sendes Innlandet fylkeskommunes kulturvernaving, jf. lov om kulturminne § 8, annet ledd.

### 4.2 BYGNAD OG ANLEGG

#### 4.2.1 Råstoffutvinning (R1, R2, R3 og R4)

- a) I område for råstoffutvinning, R1, R2, R3 og R4, er det tillate uttak, behandling og lagring av lausmasse (grus, stein og sand) primært for bruk på veganlegga i området og for bruk ved byggetiltak på setre i drift i Vårdalen statsallmenning sør. Uttaka er omfatta av krav om konsesjon etter Minerallova, og det skal bli utarbeidd driftsplan.
- b) Yttergrensa for masseuttak skal følgje formålsgransene og tilpassast med skråning mot eksisterande terreng, jf. pkt. n) under.
- c) Masseuttak i område skal skje etappevis og rekkjefølgje er regulert i planføresegnene kap. 6.
- d) Nedre grense for uttak av massar skal ligge på høgde:
  - 930,5 meter over havnivå (NN2000) i område R1
  - 932,0 meter over havnivå (NN2000) i område R2
  - 934,0 meter over havnivå (NN2000) i område R3
  - 930,5 meter over havnivå (NN2000) i område R4

- e) Drift i massetaket kan skje på kvardagar måndag – laurdag kl. 07:00 – 19:00. Opplasting og transport kan skje på alle dagar kl. 07:00 - 23:00. Med omsyn til å avgrense støy og støvflukt mot omgjevnaden og nærliggande bygnad, skal all maskinell knusing, pigging og sortering/sikting skje i uttaksområde R1. Perioden for maskinell knusing, pigging og sortering/sikting skal avgrensast mest mogeleg i tid, og skje innafør tidsromma 01.05 - 15.06 og 01.09 – 31.10 for å redusere problem for nærliggande seterbruk, nærliggande hytter og reiselivsverksemd i området knytt til støy og støvflukt frå desse aktivitetane. For å minimere støy skal knuse- og sorteringsverk plasserast der det står best mogeleg skjerma i for å unngå å påverke omgjevnaden med støy. Haugar som eventuelt skal leggest opp som lager av ferdig behandla masse, plasserast fortrinnsvis mellom knuse- og sorteringsverket og nærliggande seter- og hyttebygnad som tiltak for skjerming for støy.
- f) Verksemda i uttaket sitt bidrag til støy skal ikkje overskride grenser som går fram av forureiningsforskrifta § 30-7. Det ligg ei hytte så nær uttaket at grenseverdiane i forureiningsforskrifta kan bli overskride ved drift av knuse- og sorteringsverk i uttaket (område R1). Dersom drivar av uttaket finn at det ikkje vil vere mogeleg å skjerme tilstrekkeleg for støy mot hytta ved slik verksemd, skal hytteigar bli varsla i god tid før drifta av verket blir sett i gong – og minimum to veker på førehand.
- g) Utslepp av steinstøv/støv/partiklar frå uttaksverksemda, skal ikkje medføre at mengde nedfallsstøv overstig grenser som går fram av forureiningsforskrifta § 30-5. Eventuelt utslepp til vatn (til dømes avrenning etter vatning for å unngå støvflukt) skal ikkje overstige oppgjevne grenseverdier eller skje i strid med det som går fram av forureiningsforskrifta § 30-6.
- h) Det vil ikkje vere tillate å oppføre bygg i uttaksområdet.
- i) Uttaket skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra. Reglar om sikring skal gå fram av driftsplanen for uttaket.
- j) Midlertidig lagring av massar som blir teke ut for å leggest til side i uttaksperioden for seinare vidareforedling eller bruk, skal skje i området R1. Det same gjeld lagring av avdekkingsmassar (jord og vegetasjonskikt) som skal leggest attende ved istandsetting av uttaksområda.
- k) Området skal ikkje nyttast til lagring eller behandling av betong, asfalt og liknande. Lagring av skrot og søppel er ikkje tillate.
- l) Innafor arealet avsett for råstoffutvinning, må det bli sørgja for nødvendig drenering for overvatn. Dersom vatnet ikkje kan infiltrerast i grunnen innafor området, skal vatnet førast til avløp til bekk/vassdrag.
- m) Plan for revegetering og terrengforming skal bli utarbeidd som ein del av driftsplanen.

- n) Når uttak og lagring av uttekne lausmassar vert avslutta, skal det gjennomførast opprydding og istandsetting av uttaket. Avdekkingsmassar og jord skal nyttast for reetablering til LNFR-formål. Overgang mot eksisterande terreng skal avsluttast med skråning 1:2 i områda R2 og R3, og med skråning 1:1,5 i områda R1 og R4. I område R4 skal det oppretthaldast ein voll mot aust med høgde 2 m over lågaste uttaksnivå for skjerming. Driftsplanen gir nærare reglar om avslutting, opprydding og ordning av grusuttaka.
- o) Når masseuttaka er avvikla, skal areala nyttast som LNFR-område, og følgje regelverk knytt til dette gjeve i føresegenes kap. 4.4 under.

### **4.3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

#### **4.3.1 Køyreveg (SKV1 og SKV2)**

- a) Reguleringsføremålet omfattar Veodalsvegen (SKV1) som er bomveg og tilkomstveg til område for råstoffutvinning R1, R2, R3 og R4 (SKV2).
- b) Ved eventuell utbetring opparbeidast Veodalsvegen med stikkrenner og grøfter som er dimensjonert for framtidig nedbørsauke på 40 %.
- c) Omdisponering mellom underformåla køyreveg og annan veggrunn – grøntareal, vil kunne tillatast.

#### **4.3.2 Annan veggrunn – grøntareal (AVG1 – AVG5)**

- a) Arealformålet omfattar sideareala til Veodalsvegen og til tilkomstvegen til område for råstoffutvinning R1, R2 og R3.
- b) Areal skal nyttast til nødvendig grunn til samferdselsanlegg utanom vegbana (veggrøft, vegskjering/vegskråning m.m.) for å ivareta vegane sin funksjon og samstundes ha eit grønt preg.
- c) Teknisk infrastruktur kan eventuelt etablerast innafor formålet.

### **4.4 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE SAMT REINDRIFT**

#### **4.4.1 LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (LNFR1 og LNFR2)**

- a) På areala kan det drivast landbruksnæring og reindrift, samstundes med at området kan nyttast til friluftsliv.

- b) På areala er det forbode med nye tiltak som nemnt i § 20-1 bokstav a, d, k, l og m, som ikkje har tilknytning til landbruk, reindrift eller friluftsliv.

#### **4.4.2 LNFR i kombinasjon med anna hovudføremål - massedeponi (KLM1)**

- a) På areala kan det drivast landbruksnæring og reindrift, samstundes med at området nyttast til deponi for massar etter bygginga av Smådøla kraftverk. Dei deponerte massane av sprengstein, er dekte over med jordmassar for gjenvekst av naturleg vegetasjon/skog.
- b) På areala er det forbode med nye tiltak som nemnt i § 20-1 bokstav a, d, k, l og m, som ikkje har tilknytning til landbruk, reindrift eller friluftsliv.

## **5. OMSYNSSONER**

*I medhald av plan- og bygningslovens § 12-6 gis følgjande føresegner til omsynssoner innafor planområdet:*

### **5.1. Omsynssone - landskap (H550-1)**

Omsynssona for landskap omfattar størstedelen av område som er regulert for LNFR for å ivareta landskapsverdiar knytt området si lokalisering innafor KULA-område Tesse - Smådalen (Riksantikvaren) og til geologisk arv på Návåseterhaugane (NGU). Innafor omsynssona skal det ikkje skje terrenginngrep, og jord- og vegetasjonsdekke skal bli ivareteke.

## **6. VILKÅR OM REKKEFØLGJE**

*I medhald av plan- og bygningslovens § 12-10 gis følgjande føresegner knytt til vilkår og rekkefølge:*

### **6.1. Rekkefølge for drifta i områda for masseuttak R1, R2, R3 og R4.**

Drifta i område for råstoffutvinning R1, R2, R3 og R4 skal skje etappevis.

Dei lagra massane i område R1 skal takast ut før ein startar uttak av den naturlege grusførekomstane i område R2, R3 og R4. Område R1 skal også bli lagt til rette med overgangar mot tilgrensande terreng med skråning 1:1,5 før ein startar opp uttak i dei nye områda. Grusmassane i R2 skal så takast ut før ein startar uttak i område R3. Grusmassane i område R4 skal takast ut til slutt.